

1 mann og 21 kvinner!

01.11.2010



Line Dance er ikkje noko for menn, skal ein dømma etter oppslutnaden under dansekveldane i Helgheim på måndagane.

I kveld møtte det 1 mann og 21 kvinner på nybegynnarpartiet.

Mannen var Arne Langeland frå Husnes og han stilte som vanleg opp saman med kona Berta.

uskedalen.no spurde henne kvitor innslaget av menn er så sparsommeleg.

- Eg veit ikkje, det er forbausande og eg har ikkje noko bestemt forklåring.

Men eg vil i alle fall oppmoda fleire menn til å bli med.

- Det er morosamt å dansa, ikkje minst å læra nye dansar,

seier Arne før han gir seg inn i den taktfaste rytmen.

Dansegleda til kona og han begrensar seg naturleg nok ikkje berre

til Line Dance, dei likar og til dømes gammaldans og swing.

No har dei dansa i 4-5 år og starta opp att etter ein pause.

Det kom 39 i Helgheim denne gongen, fordelt med 22 på nybegynnarpartiet og 17 på dei vidaregåande.

Denne andre kvelden med Line Dance hadde frammøtet med

andre ord ein aukande tendens

ettersom det møtte 30 den fyrste dansekvelde for nokre veker sidan.

Tilbodet i Helgheim no i denne sesongen omfattar heile Kvinnherad.

Det er i kommunal regi.

Arne og Berta dansar midt i biletet over.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)